

Møteprotokoll

Utval: Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

Møtestad: Fylkeshuset i Kristiansand

Dato: 9.1.2014

Tidspunkt: 12.30 – 14.00

Desse styremedlemmene møtte

Namn	Funksjon	Representerer
Torkel Myklebust	MEDL	Suldal kommune
Leiv Rygg	MEDL	Bygland kommune
Margareth G Larsen	VARAMEDL	Forsand kommune
Margunn Nedrebø	MEDL	Gjesdal kommune
Ånen Werdal	MEDL	Hægebostad kommune
Brit Olimstad	MEDL	Kvinesdal kommune
Jonny Liland	NESTLEIAR	Sirdal kommune
Tarald Myrum	LEIAR	Valle kommune
Oddmund Ljosland	MEDL	Åseral kommune
Maiken Messel	MEDL	Aust-Agder fylkesk.
Oddlaug Tjomsland	MEDL	Vest-Agder fylkesk.

Desse styremedlemmene hadde meldt forfall

Namn	Funksjon	Representerer
Ragnhild Bjåen	MEDL	Bykle kommune
Trine L Danielsen	MEDL	Hjelmeland kommune
Hilde Gunn Bjelde	MEDL	Rogaland fylkesk.

Fra administrasjonen møtte

Tarjei Haugen
Alf Odden
Guro Sødergren
Mikkel E. Christensen

På møtet deltok også Per Ketil Omholt, Fylkesmannen i Aust-Agder.

Vi stadfester med underskriftene våre at det som er ført i møteprotokollen, er i samsvar med det som vart vedtatt på møtet.

Tarald Myrum (sign.)

Brit Olimstad (sign.)

Leiv Rygg (sign.)

Sakliste

Utvalgs- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 1/14	Godkjenning av innkalling og sakliste		2003/2670
ST 2/14	Val av to representantar til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		2003/2670
ST 3/14	Referatsaker		2003/2670
ST 4/14	Orienteringssaker		2003/2670
ST 5/14	Forlenging av løyve til løypekjøring med snøskuter i Frafjordheiane landskapsvernområde - Gjesdal og Sirdal kommuner, Inge Marton Østebø		2013/1018
ST 6/14	Søknad om dispensasjon til motorferdsel i SVR i samband med forskings- og overvåkingsarbeid på villrein		2013/5696
ST 7/14	Bestillingsdialogen 2014 - Søknad om midler til skjøtsels og tilretteleggingstiltak i SVR-områdene		2013/5793
ST 8/14	Søknad om oppsetting av to båthus i Bykle Statsallmenning - Bykle fjellstyre		2013/2707
ST 9/14	Søknad om støtte til prosjektstilling for å utvikle aktivitetstilbod i Setesdal - DNT Sør		2013/5063
ST 10/14	Søknad om dispensasjon til bygging av vedbu på Øvre Espedalsstølen, Frafjordheiane landskapsvernområde SVR , bnr/bnr 48/1 -12 - Forsand kommune, Tommy Espedal		2013/5329
ST 11/14	Søknad om rivning og nybygg av hytte i Grydalen på 2/36 i Sirdal kommune - Kari Nilssen Hølland		2013/5792
ST 12/14	Eventuelt		2003/2670

ST 1/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 9.1.2014

Sekretariatet opplyste at styresakene var feil nummererte i den utsendte innkallinga. Dette er seinare retta opp og vil bli korrigert i protokollen.

Vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjende.

Vedtaket var samrøystes.

ST 2/14 Val av to representantar til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar

Saksprotokoll i Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 9.1.2014

Brit Olimstad og Leiv Rygg vart føreslegne til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar.

Vedtak

Brit Olimstad og Leiv Rygg vert valde til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar.

Vedtaket var samrøystes.

ST 3/14 Referatsaker

Saksprotokoll i Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 9.1.2014

Det var ingen saker til dette punktet på dagsorden.

ST 4/14 Orienteringssaker

Saksprotokoll i Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 9.1.2014

Orienteringssaker

1. Orientering frå grunneigar Jan Ove Pytten Flodquist og Steinar Hansen i Småkraft om planar for utbygging av småkraftverk på heiegarden Pytten i Bygland kommune. Presentasjonen er lagt ved møteprotokollen.
2. Orientering frå sekretariatet om tilråding frå Miljødirektoratet til Miljøverndepartementet i samband med to klagesaker i SVR. Presentasjonen er lagt ved møteprotokollen.
3. Orientering frå sekretariatet om nye retningslinjer frå Miljøverndepartementet for hjelpekorpsa sine øvingar i verneområda og innkomne søknader frå regionale hjelpekorps. Presentasjonen er lagt ved møteprotokollen.
4. Munnleg orientering om framdrifta i arbeidet med å etablere ein erstatningsbiotop i steinbrotet ved Duge dam i Sirdal.
5. Per Ketil Omholt orienterte om budsjettsøknaden for 2014. Presentasjonen er lagt ved møteprotokollen.

ST 5/14 Forlenging av løyve til løypekjøring med snøskuter i Frafjordheiane landskapsvernområde - Gjesdal og Sirdal kommuner, Inge Marton Østebø

Forvalters innstilling

Verneområdestyret forlenger Inge Marton Østebø sitt løyve til løypekjøring i Frafjordheiane landskapsvernområde frå Styresak 10/13 med eit år fram til 30.04.2014.

Det nye løyvet har denne ordlyden:

I medhald av §48 i Naturmangfaldslova får Inge Marton Østebø løyve til å bruke snøskuter til oppkjøring av skiløype i Frafjordheiane landskapsvernområde i Gjesdal og Sirdal kommunar. Løypa går frå Høgaleite i Hunnedalen til utosen av Øyarvatnet, og skal i hovudsak følgje løypetrasen til Stavanger turistforening sine kvistaløyper.

Løyve gjeld for tidsrommet fram til 30.04.2014.

Løyvet gjeld og for ektefellen Sissel A Østebø

Talet på turar skal avgrensast til eit naudsynt minimum.

Etter sesongen 2014 skal løyvet evaluerast, og all kvisting og løypekjøring i Frafjordheiane skal vurderast på nytt i samband med revideringa av Forvaltningsplanen for Frafjordheiane.

Løyve blir gjeve med desse vilkåra:

- Dersom det blir observert reinsdyr langs kjøreruta skal turen avventast til fare for uroing ikkje lenger er tilstades.
- Ein kort rapport som inneheld opplysningar om talet på turar og tidspunkta for desse, skal sendast inn til forvaltningssekretariatet innan 01.06.2014.
- Andre vilkår går fram av standard løyve.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 9.1.2014

Styret drøfta saka.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

ST 6/14 Søknad om dispensasjon til motorferdsel i SVR i samband med forskings- og overvakingsarbeid på villrein

Forslag til vedtak

I medhald av § 48 i Naturmangfaldlova får NINA løyve til å bruke snøskuter til oppfølging av GPS – merka villrein i SVR. Det vert og gitt løyve til bruk av helikopter og snøskuter i samband med merking av nye individ og helikopter til strukturteljning om hausten. Villreinlaga, SNO og lokalt fjelloppsyn kan stå for den praktiske gjennomføringa på vegne av NINA.

Motorisert ferdsel om våren må avsluttast seinast 14. april kvart år. Bruk av helikopter til strukturteljning skal gjennomførast i oktober månad, og det må ikkje vere meir enn fem landingar i denne perioden. Landingane kan gjennomførast der dyra oppheld seg.

Løyvet vert gjeve utan avgrensing i talet på turar/landingar. NINA må difor sende inn rapport om bruk av både helikopter og snøskuter før nyttår kvart år.

Løyvet gjeld for 2014 og 2015. Andre vilkår går fram av standard løyve.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 9.1.2014

Styret drøfta saka.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

ST 7/14 Bestillingsdialogen 2014 - Søknad om midler til skjøtsels og tilretteleggingstiltak i SVR-områdene

Forslag til vedtak:

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane bestiller oppdrag fra Statens naturoppsyn, og søker Miljødirektoratet/Statens naturoppsyn om økonomiske midler i denne prioriterte rekkefølgen.

B-skjema – Arbeidsoppdrag utført av Statens naturoppsyn.

Prioritering Prosjekt

1. Oppsetting av kulturminneskilt i Evardalen, SVR LVO, Bygland kommune.
2. Oppsetting av en informasjonstavle i Frafjordheiane landskapsvernområde, Gjesdal kommune.
3. Oppsetting av to informasjonssøyler i Dyråheio landskapsvernområde, Suldal kommune.
4. Organisering av befaring med tilsynsutvalg i Suldal og Hjelmeland.
5. Organisering av ungdomsturer i Suldal, Hjelmeland og Sirdal.
6. Montering av ny informasjon på informasjonssøyler rundt verneområdet.
7. Organisering av ungdomsaktiviteter under Heiedagene 2014, SVR LVO, Vest-Agder.
8. Organisering av og veiledning under kjentmannstur for verneområdestyret.
9. Flytting av enkelte informasjonssøyler.
10. Ferdseleksregistrering på Børsteinen, SVR LVO, Sirdal kommune.
11. Ferdseleksregistrering i Hunnedalen, Frafjordheiane LVO, Gjesdal kommune.
12. Ferdseleksregistrering på Bortelid, SVR LVO, Åseral kommune.

Midler til tiltak i verneområdene, (tidligere C-skjema).

	Kommune	Instilling	Omsøkt
1. Informasjonsplan for SVR	Alle	300.000	300.000
1.1. Skilting av verneområdet.			
1.2. Informasjon i innfallsporter.			
1.3. Informasjon langs mye brukte stier.			
1.4. Informasjonsmateriell rundt SVR.			

2. Opprusting av stien til Kjerag.	Forsand	100.000,-	100.000,-
3. Heiedagene 2014.	Vest-Agder	100.000,-	100.000,-
4. Ungdom og lokal heiekultur.	Sul, Hjel og Sir	60.000,-	60.000,-
5. Støtte av prosjektstilling om ungdom og friluftsliv	Valle	50.000,-	50.000,-
6. Rydding av vegetasjon i Kvanndalen.	Suldal	42.000,-	42.000,-
7. Installasjon av ferist ved Mostøl.	Suldal	80.000,-	80.000,-
8. Oppfølging av lyngbrenningsprosjekt.	Hægebostad	50.000,-	50.000,-
9. Rydding av vegetasjon i Førre.	Hjelmeland	10.000,-	10.000,-
10. Rydding av vegetasjon på Øyastølsmyra.	Hjelmeland	50.000,-	50.000,-
11. Interaktiv informasjonstavle på Kvinlog.	Kvinesdal	150.000,-	
150.000,-			
12. Rydding av vegetasjon på Ståvo og Nystølen.	Suldal	10.000,-	10.000,-
13. Informasjonsplakater/skilt til offentlige hytter.	Alle	40.000,-	40.000,-
14. Skjøtselskurs med lyngbrenning i Rogaland.	Sir, Gjes	50.000,-	50.000,-
15. Ny bro ved Sandvatn	Sirdal	25.000,-	25.000,-
16. Ny bro ved Mangærne	Sirdal	25.000,-	25.000,-
17. Ny bro over Storåna	Hjelmeland	25.000,-	25.000,-
18. Ny bro ved Gråfollånå	Hjelmeland	25.000,-	25.000,-
19. Skjøtselsplan Bleskestadmoen-Nystøl	Suldal	25.000,-	25.000,-
20. Skjøtselsplan Mån	Gjesdal		25.000,-
25.000,-			
21. Flørli – Dugnadsferie i Lysefjorden	Forsand	50.000,-	50.000,-

Saksprotokoll i Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 9.1.2014

Styret drøfta saka. Det vart påpeika at Evardalen ligg i Valle kommune, ikkje i Bygland (B-skjema, punkt 1).

Vedtak

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane bestiller oppdrag fra Statens naturoppsyn, og søker Miljødirektoratet/Statens naturoppsyn om økonomiske midler i denne prioriterte rekkefølgen.

B-skjema – Arbeidsoppdrag utført av Statens naturoppsyn.

Prioritering Prosjekt

13. Oppsetting av kulturminneskilt i Evardalen, SVR LVO, Valle kommune.
14. Oppsetting av en informasjonstavle i Frafjordheiane landskapsvernområde, Gjesdal kommune.
15. Oppsetting av to informasjonssøyler i Dyråheio landskapsvernområde, Suldal kommune.
16. Organisering av befarung med tilsynsutvalg i Suldal og Hjelmeland.
17. Organisering av ungdomsturer i Suldal, Hjelmeland og Sirdal.
18. Montering av ny informasjon på informasjonssøyler rundt verneområdet.
19. Organisering av ungdomsaktiviteter under Heiedagene 2014, SVR LVO, Vest-Agder.
20. Organisering av og veiledning under kjentmannstur for verneområdestyret.
21. Flytting av enkelte informasjonssøyler.
22. Ferdsselsregistrering på Børsteinen, SVR LVO, Sirdal kommune.

23. Ferdseleksregistrering i Hunnedalen, Frafjordheiane LVO, Gjesdal kommune.

24. Ferdseleksregistrering på Bortelid, SVR LVO, Åseral kommune.

Midler til tiltak i verneområdene, (tidligere C-skjema).

	Kommune	Instilling	Omsøkt
22. Informasjonsplan for SVR	Alle	300.000	300.000
22.1. Skilting av verneområdet.			
22.2. Informasjon i innfallsporter.			
22.3. Informasjon langs mye brukte stier.			
22.4. Informasjonsmateriell rundt SVR.			
23. Opprusting av stien til Kjerag.	Forsand	100.000,-	100.000,-
24. Heiedagene 2014.	Vest-Agder	100.000,-	100.000,-
25. Ungdom og lokal heiekultur.	Sul, Hjel og Sir	60.000,-	60.000,-
26. Støtte av prosjektstilling om ungdom og friluftsliv	Valle	50.000,-	50.000,-
27. Rydding av vegetasjon i Kvanndalen.	Suldal	42.000,-	42.000,-
28. Installasjon av ferist ved Mostøl.	Suldal	80.000,-	80.000,-
29. Oppfølging av lyngbrenningsprosjekt.	Hægebostad	50.000,-	50.000,-
30. Rydding av vegetasjon i Førre.	Hjelmeland	10.000,-	10.000,-
31. Rydding av vegetasjon på Øyastølsmyra.	Hjelmeland	50.000,-	50.000,-
32. Interaktiv informasjonstavle på Kvinlog. 150.000,-	Kvinesdal	150.000,-	
33. Rydding av vegetasjon på Ståvo og Nystølen.	Suldal	10.000,-	10.000,-
34. Informasjonsplakater/skilt til offentlige hytter.	Alle	40.000,-	40.000,-
35. Skjøtselskurs med lyngbrenning i Rogaland.	Sir, Gjes	50.000,-	50.000,-
36. Ny bro ved Sandvatn	Sirdal	25.000,-	25.000,-
37. Ny bro ved Mangærne	Sirdal	25.000,-	25.000,-
38. Ny bro over Storåna	Hjelmeland	25.000,-	25.000,-
39. Ny bro ved Gråfollåna	Hjelmeland	25.000,-	25.000,-
40. Skjøtselsplan Bleskestadmoen-Nystøl	Suldal	25.000,-	25.000,-
41. Skjøtselsplan Mån 25.000,-	Gjesdal		25.000,-
42. Flørli – Dugnadsferie i Lysefjorden	Forsand	50.000,-	50.000,-

Vedtaket var samrøystes.

ST 8/14 Søknad om oppsetting av to båthus i Bykle Statsallmenning - Bykle fjellstyre

Forslag til vedtak

I medhald av § 48 i Naturmangfaldlova får Bykle fjellstyre løyve til å sette opp båthus ved Tverreggelleren og Ytre Ratevatn i Bykle statsallmenning.

Løyvet vert gjeve med desse vilkåra:

- Båthusa må ikkje vere på meir enn 12 m² BYA og skal heller ikkje ha ei mønehøgde større enn 2 m.
- Fasaden skal vere i lafta tømmer og med liggande eller ståande trekledning.

- Taket skal vere tekt med torv, stein eller trematerialar.
- Plassering i terrenget og andre byggtekniske detaljar må avklarast med Bykle kommune som og må gi løyve til bygginga.
- Byggearbeida må gjennomførast så skånsamt som råd.
- Alt avfall etter bygginga må fjernast og handterast etter gjeldande reglar og standardar.
- Dispensasjon til motorisert transport i samband med bygginga krev særskild søknad dersom det tildelte snøskuterløyvet ikkje er tilstrekkeleg.
- Løyvet gjeld fram til 31. desember 2016.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 9.1.2014

Styret drøfta saka.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

ST 9/14 Søknad om støtte til prosjektstilling for å utvikle aktivitetstilbod i Setesdal - DNT Sør

Forslag til vedtak

Styret i SVR løyver 50 000 kr per år til ei treårig prosjektstilling i DNT Sør i tråd med søknad.

Det er eit vilkår at prosjektstillinga vert etablert i Valle og har ungdom i 12 – 16 års alderen som målgruppe. Støtta bør kvart år tildelast av midlane styret får til disposisjon frå Miljødirektoratet.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 9.1.2014

Styret drøfta saka.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

ST 10/14 Søknad om dispensasjon til bygging av vedbu på Øvre Espedalsstølen, Frafjordheiane landskapsvernområde SVR , bnr/bnr 48/1 -12 - Forsand kommune, Tommy Espedal

Forvalters innstilling

I medhald av §3, punkt 1.3, bokstav e i Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde, får Tommy Espedal, løyve til å få sette opp ei vedbu på 6m² (BYA) ved eksisterande stølshus på Øvre Espedalsstølen i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr 48/3 i Forsand kommune. Murane skal være av naturstein eller støypte pålar, kledning og takteking skal være i samsvar med byggeskikken på staden.

Løyve blir gjeve med desse vilkåra:

- Det må innhentast naudsynt byggeløyve frå Forsand kommune
- Det må søkast om eige løyve for eventuell motorferdsle i samband med transport av byggematerialar
- Vedbua må skilja seg minst mogleg frå naturomgjevnadane og eksisterande bygningar med omsyn til utforming og overflatebehandling.
- Byggjearbeida må skje så skånsamt som råd i høve til naturomgjevnadane.
- Alt avfall frå bygginga må fjernast og handterast etter gjeldande reglar og standardar.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 9.1.2014

Styret drøfta saka.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

ST 11/14 Søknad om rivning og nybygg av hytte i Grydalen på 2/36 i Sirdal kommune - Kari Nilssen Hølland

Forvalters innstilling:

Med medhold i § 48 i lov om forvaltning av naturens mangfold, og med støtte i forvaltningsplan for SVR landskapsvernområde og *retningslinjer for byggetiltak innanfor sone fire i Grydalen hytteområde*, får Kari Nilssen Hølland og Tor-Inge Hølland dispensasjon fra verneforskriften til å rive eksisterende hytte og bygge ny etter omsøkt plan på gnr. 2, bnr. 36 i SVR LVO i Sirdal kommune.

Dispensasjon gis med følgende vilkår:

- Hytta skal ikke være større enn prosjektert i revidert byggesøknad datert 24.10.2013.
- Hyttas utforming, materialvalg og farge skal være i tråd med retningslinjene i *byggerettleiar for SVR*.

- Byggearbeidet skal foregå så skånsomt som mulig.
- Alt avfall fra byggearbeidet skal fjernes i henhold til gjeldende regler og standarder.
- Det må søkes om eget løyve til motorisert ferdsel i forbindelse med transport av byggematerialer, utstyr og avfall, dersom det trengs utenfor åpen vei.
- Byggearbeidet må være ferdig innen 1.1.2016.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 9.1.2014

Styret drøfta saka.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

ST 12/14 Eventuelt

Saksprotokoll i Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 9.1.2014

AU avtalte nytt telefonmøte onsdag 29. januar kl. 9.00.